

## Forskargruppa

## Tekst, Handling, Rom / Text, Action and Space (THR/TAS)

<http://www.folk.uib.no/hlils/tasweb/>

## Årsrapport 2014

### (1) Forskargruppa THR / TAS sin leiari pr 1. januar 2015:<sup>1</sup>

Prof. Lars Sætre, LLE.

### (2) Deltakarar i THR / TAS:

**Seniorforskarar** (1 intern LLE; 2 interne UiB; 6 eksterne internasjonalt):

Lars Sætre (LLE, UiB), Randi Koppen (IF, UiB), Asbjørn Grønstad (Infomedia, UiB), Tone Selboe (ILOS, UiO), Ragnhild Evang Reinton (ILOS, UiO), Patrizia Lombardo (Genève, Sveits; MAE<sup>2</sup>), Svend Erik Larsen (Aarhus, Danmark; MAE), Susana Onega Jaén (Zaragoza, Spania; MAE), Susan Bassnett (Warwick, UK; MAE).

**Juniorforskarar** (2 interne LLE; 1 intern UiB; 1 ekstern UiT; 4 eksterne internasjonalt):

Anders Kristian Strand (LLE, UiB), Anders M. Gullestad (LLE, UiB), Jorunn Svensen Gjerden (IF, UiB), Henrik Gustafsson (Kultur og Litteratur/Film, Media, UiT), Mads Rosendahl Thomsen (Aarhus, Danmark; MAE), Lis Møller (Aarhus, Danmark), Hans Lauge Hansen (Aarhus, Danmark), Pieter Vermeulen (Leuven, Belgia).

**Postdoc's** (1 ekstern internasjonalt):

Julien Zanetta (Genève, Sveits).

**PhD-studentar/stipendiatar** (1 intern LLE; 1 ekstern internasjonalt):

Synne Ytre Arne (LLE, UiB), Sara Tanderup (Aarhus, Danmark).

**Masters** (1 intern LLE; 1 ekstern UiO):

Thomas Anthony Hill (LLE, UiB), Helle Cecilie Håkonsen (ILOS, UiO).

**TAS si leiargruppe** er

Lars Sætre, Patrizia Lombardo og Svend Erik Larsen.

**TAS sine bokredaktørar** er

Lars Sætre, Patrizia Lombardo og Sara Tanderup.

**TAS si redaksjonsgruppe** består av

Leiargruppa, pluss Ragnhild Evang Reinton og Sara Tanderup.

### (3) Aktivitetar 2014:

**(a) Bokarbeid:** Kommentar-, redigerings- og bokutgivingsarbeidet for gruppas andre antologi *Exploring Text and Emotions* (eds. Lars Sætre, Patrizia Lombardo, and Julien Zanetta) vart avslutta ultimo januar 2014. Antologien vart utgitt på engelsk på Aarhus University Press (AUP) 21. februar 2014. Dei godkjende bidraga til antologien, 15 i talet, hadde før det vore igjennom tre THR/TAS-interne, internasjonale peer review-rundar, før den redaksjonelle innkoplinga av forlaget med dets anonyme peer-review, som var strålende. Antologien var fullfinansiert og betalt for av midlar som TAS/THR var blitt tildelt fram til 2010, av UiB, av HFUiB, av NFR og HFUiB i samarbeid, og av Det fransk-norske senteret i Paris (PFN/FMSH). Leiari og redaktør Lars Sætre, medredaktørane Patrizia Lombardo og Julien Zanetta, og redaksjonsgruppemedlem Svend Erik Larsen var av forlaget AUP og Aarhus Universitets Institut for Æstetik og Kommunikasjon inviterte til boklanseringa i Århus, der TAS/THR-leiar Sætre presenterte boka samt gruppa og prosjektets tidlegare og framtidige arbeids-fasar framfor eit publikum på 300 fagpersonar.

<sup>1</sup> Forskargruppa ”Tekst, handling, rom (THR)” er den LLE-forankra forskargruppa som er knytt til det Bergens-baserte internasjonale, tverr-estetiske, inter-generiske grunnlagsproblem-prosjektet TAS (Text, Action and Space). TAS har vore aktivt og operativt som nettverksprosjekt, med alle deltagarar samstundes i full ordinær teneste, sidan 2006, har til nå hatt seks workshops i Paris og i Bergen, og har den fulle tittelen ”Text, Action and Space (TAS): Performative language and topographical patterns as converging areas in modern drama, prose fiction, and film. An inter-disciplinary approach to literary and cultural studies”. Prosjektets første publikasjon, antologien *Exploring Textual Action* (eds. Lars Sætre, Patrizia Lombardo, and Anders M. Gullestad), vart utgitt i 2010 på Aarhus University Press; prosjektets andre antologi *Exploring Text and Emotions* (eds. Lars Sætre, Patrizia Lombardo, and Julien Zanetta) vart utgitt på samme forlag i februar 2014.

<sup>2</sup> MAE er forkorting for Member of Academia Europaea.

**(b) Arbeidsform; Oppstart av TAS/THR sin fase III:** Under det nemnde Århus-oppholdet heldt Sætre, Lombardo, Zanetta og Larsen (leiar-/redaksjonsgruppe) planleggingsmøte for fase III i arbeidet, samstundes som kontakten med AUP, som er svært interessert i å vere forlag også vidare, vart konsolidert. Emnefokus for fase III vart fastsett til ”Exploring Texts, Media and Memory”, og vart formulert og utskrive med fagleg fundament og motivering. Ei første leiaraks-perspektiv scanning for konsolidering og vidare inkludering i gruppa vart gjort i februar og mars. Dette arbeidde leiar Sætre vidare med under hans opphald ved UW i Seattle våren 2014, under jamleg kontakt med leiargruppa og fleire av deltakarane (nettverkssamarbeid). Sommaren 2014 gjekk fagleg invitasjon til deltaking i fase III ut til alle gruppas medlemmer som er nemnde ovanfor, med bønn om skisser til delprosjekt innanfor fase III sitt fagleg formulerte perspektiv, og med invitasjon til to planlagde fase III-Workshops, den første ved Det fransk-norske senteret (PFN/FMSH) i Paris i desember 2014. Responsen var umiddelbar og overveldande, nettverkssamarbeidet skaut på ny fart, og skrivinga av Workshop-innlegg var i gang. Som vanleg er det kombinasjonen av gruppas Workshop/venue-diskusjonar av innlegg og deretter dens intensive kommentar-, rettleiings- og redigeringsarbeid av manuskript som fører fram til kvar aktuelle bokproduksjon, før ny fase av prosjektet blir opna på tilsvarende vis. Dette har heile tida fungert som eineståande god ordning. Rettleiings- og kommentatarbeidet går altså føre seg jamstøtt, også med gruppas medlemmer involverte, men pr nettverkssamband: e-postar, Skype.

Samstundes arbeidde leiar Sætre vidare med det fagleg-organisatoriske, ikkje minst i forhold til PFN/FMSH i Paris, som straks svarde positivt på å vere Workshop-vertskap og på søknad om økonomisk støtte. Han arbeidde òg vidare med søknader om finansiering overfor eige LLE-institutt (februar/mars-runden, og august/september-runden). Vidare etablerte han ei ny, profesjonell website for TAS/THR (<http://www.folk.uib.no/hlils/tasweb/>). Denne er på engelsk, og har ein offentleg del for ålmenta, og ein passord-tryggja del for THR/TAS-fase III-deltakarane sitt interne, pågående forskingsarbeid. Den offentlege delen inneholder det vitskaplege fase III-fokuset/invitasjonen, deltakar-liste/-omtalar med linkar (<http://www.folk.uib.no/hlils/tasweb/participants.html>) og historikk. THR/TAS sin omfattande, fagleg detaljerte, finansielle, organisatoriske, lokale/nasjonale/internasjonale forskingsinnretning er skildra i websiten’s ”Mission” (<http://www.folk.uib.no/hlils/tasweb/mission.html>). Der er ikkje minst omsynet til gruppas PhD-studentar og til dens potensielle slike (framifrå master-kandidatar), og samarbeidet mellom dei og gruppas postdocs, junior- og senior-forskarar skildra.

**(c) Endorsement – Academia Europaea:** I august 2014 oppnådde THR/TAS-fase III å få Endorsement av Academia Europaea, Section for Literary and Theatrical Studies. Dette er eit kvalitets”stempel” gitt gjennom det sentrale AE Board of Trustees (London); det er vidare ei innlemming av gruppas aktivitetar i den nyleg oppretta Academia Europaea Bergen Knowledge Hub, der UiBs rektor er styreleiar. Endorsement’et gir gruppa retten til å referere til AE i søknader om finansieringsstøtte, og i gruppas website, program, flyers og posters. AE sentralt si website er open for THR/TAS sine kunngjeringar (der ”er” vi allereie: [http://www.ae-info.org/ae/%22Acad\\_Main%22](http://www.ae-info.org/ae/%22Acad_Main%22)), det samme gjeld AE Bergen Knowledge Hub (ditto: <http://acadeuro.b.uib.no>, <http://acadeuro.b.uib.no/activities/meetings/>). Endelig gir det gruppa retten til å bruke AE sin logo. – I AE Bergen Knowledge Hub sine møte fra august til desember 2014 har leiar Sætre og leiargruppemedlem Larsen vore inviterte og har møtt fire gonger, to gonger med omfattande presentasjon av THR/TAS si forsking og aktivitetar, og THR/TAS har der blitt diskutert som modell for forskingsverksemd innanfor humaniora, også med tanke på omsynet til PhD-studentar. Rektor bad om og fekk i september 2014 oversendt THR/TAS-skissa (”Mission”), og vil invitere til kaffimøte med oss ved UiB. Det ligg ingen finansieringsgaranti i Endorsement’et; på lengre sikt, imidlertid, har THR/TAS til føremål å sökje om midlar der.

**(d) 6th TAS Workshop: ”Exploring Texts, Media and Memory”, Paris, 12.-15. des. 2014:** Desse dagane samlast THR/TAS-gruppas fase III-deltakarar til Workshop ved Det fransk-norske senteret i Paris, med papers (artikkel-utkast), til diskusjon, kommentarar og rettleiing. Samlinga var svært vellukka og heldt fagleg høgt nivå. PhD-studerande og dei to master-kandidatane vi har invitert med, gjorde det særdeles godt; ikkje minst fekk desse unge god omtale frå prof. Susana Onega Jaén, ein av gruppas senior-ekspertar på feltet. Gruppa konsoliderte seg, og ei rekje nye kontaktar vart etablerte. Dei seks av gruppas 22 deltakarar som ikkje hadde høve til Paris, er òg i gang med sine arbeid. Planane vidare for neste Workshop i fase III og for arbeidet fram til TAS-antologi nr. tre (frå THR/TAS fase III) blir utgreidd nedanfor.

**(e) Ut over det her rapporterte, har den delen av forskargruppa som har base i Bergen, ikkje halde spesifikke fagseminar lokalt i Bergen i 2014. Imidlertid har heile gruppa kontinuerleg halde omfattande fagleg nettverkskontakt. Vidare har det pågått rettleiingsarbeid overfor dei stipendiatare, postdoc’ane og master-kandidatane som er medarbeidarar i prosjektet TAS, til stor og konstruktiv late for alle involverte. I tillegg har enkelte gruppe-deltakarar vore aktive – også med prosjektets problemstillingar – innanfor nasjonal kursverksemd i PhD-opplæringsdelen i Den nasjonale Forskarskolen for Estetiske fag, TBLR (Tekst, Bilde, Lyd, Rom).**

#### **(4) Økonomisk støtte:**

**(a)** THR/TAS-gruppa har i 2014 motteke løyvd økonomisk stønad slik:

Frå LLE (Småforsk/Forskargruppe) NOK 35.000 og 15.000 i hhv. februar/mars-runden, og august/september-runden, til saman 50.000. Denne summen er medgått til dekking av hotell m/frukost og reiser for dei Paris-deltakarar som ikkje kunne dekke dette over eigne tilgjengelege midlar, samt til to nødv. lokale shuttle-transfers.

Frå PFN/FMSH i Paris inntil NOK 30.000 (i realiteten dekking av rimelege tre lunsjar og to middagar under 2014-Workshopen i Paris). Som støtte anfører vi òg gratis lokale ved PFN/FMSH i Paris.

For øvrig oppnådde THR/TAS-gruppa å få tre av Paris-deltakarane til å betale sitt eige hotell-opphold, og å få 9 av Paris-deltakarane til å betale si eiga reise.

## **(5) Planar for 2015:**

Gruppa er oppteken med arbeidet i forskingsprosjektet "Text, Action and Space (TAS). Performative language and topographical patterns as converging areas in modern drama, prose fiction, and film. An inter-disciplinary approach to literary and cultural studies" (første fase avslutta i 2010 med antologi nr. 1; andre fase avslutta i 2014 med antologi nr. to). Vi vil søkje om midlar internt og eksternt til å kunne vidare-utforske og publisere vår TAS Phase III (arbeidstittel "Exploring Texts, Media and Memory"). Dette krev éin Workshop til. Her har vi alt fått tilsegn om plass ved PFN/FMSH i november 2015. – Oppsummerande ser 2015-planane slik ut:

**(a)** Vidareføre prosjektarbeidet, individuelt og forskingsgruppevis, med TAS Phase III: "Exploring Texts, Media and Memory".

**(b)** Søkje om Workshop-støtte 2015. – Gruppa sine 2014-midlar er nå oppbrukte. Gruppa vil for 2015 søkje om fase III/Workshop 2-midlar med det første, til fase III-delens planlagde Workshop i Paris i november 2015, slik: Gjennom LLE (Småforsk/Forskargruppe); gjennom Aarhus Universitet; og gjennom Det fransk-norske senteret i Paris (PFN/FMSH).

**(c)** Arrangere gruppесamling/Workshop i Paris i november 2015. Samstundes som å vere prosjekt-samling, vil denne workshopen, i samsvar med pågående planlegging, ha éin til to franske forskarar som gjestedeltakarar, og den vil også vere stp-teljande PhD-utdanningskurs for gruppas eksisterande PhD-studentar (og master-kandidatar), og for inntil fire PhD-studentar inviterte i fellesskap av THR/TAS-gruppa og PFN/FMSH i Paris, alt i samsvar med PhD-programmets retningslinjer.

**(d)** Støtte fagleg opp om gruppemedlemmers deltaking i prof. Susana Onegas forskingsgruppe "Contemporary Narratives in English Research Group" (Zaragoza) sin konferanse "Memory Frictions: Conflict–Negotiation–Politics" i mai 2015; samt å arbeide gjennom Academia Europaea og med TAS/THR-gruppemedlemmer om PhD-utdanningskurs i Bergen, eller i Århus, eller på Kontinentet.

**(e)** Starte arbeidet med *redigering* av ny TAS/THR-publikasjon (antologi nummer tre).

**(f)** Søkje om publiseringsstøtte mot slutten av 2015 for TAS-antologi nr. 3 "Exploring Texts, Media and Memory".

I denne samanhengen vil THR/TAS-gruppa understreke gruppas *samarbeidsstrategi*:

**(a)** Gruppa arbeider bevisst med internasjonalt komparativt og inter-estetisk samarbeid mellom framståande kompetente seniorar, juniorar, postdoc's og PhD-studentar samt master-kandidatar, i forholdet mellom Bergen, Oslo, Tromsø, Norge, Danmark, Sveits, Spania, Storbritannia og Belgia. Samarbeidet er bevisst innretta på gjensidig kompetansespreiing og -heving på alle deltakar-nivå. Seniorane rettleier postdoc's og PhD-studentar, og gruppa er også bevisst på å dra inn PhD-studentar og postdoc's i redigerings- og publiseringssarbeid. – For fagleg verksemeld i workshop-samanheng tildeler vi PhD-studentar med eigne bidrag (papers) studiepoeng innanfor opplæringsdelen; det samme vil gjelde for PhD-studentar som får spesialoppgåver som ko-referantar til slike innlegg etter førehandslesing og førebuing av eigne kommentarinnlegg.

**(b)** Gruppa har eit fruktbart samarbeid spesielt med Det fransk-norske senteret (PFN) ved FMSH i Paris, også tilknytta enkelte franske forskarar, som den vil byggje vidare på.

**Til slutt** (1) kan vi opplyse om at vår antologi nr to – *Exploring Text and Emotions* (febr. 2014) – inneheld desse bidraga:

Lars Sætre, Patrizia Lombardo, and Julien Zanetta: "Preface: Exploring Text and Emotions"

*Part I: Elaborations*

J. Hillis Miller: "Text; Action; Space; Emotion in Conrad's *Nostromo*"

Patrizia Lombardo: "Stendhal and Hazlitt's Theories of Emotion"

Svend Erik Larsen: "Emotion and Forgiveness in Literature"

Lars Sætre: "Topography, Sense and Affect: The Alterity of Textual Action in Jon Fosse"

Randi Koppen: "The Economy of Emotions: Sympathy and Sentimentality in Victorian Culture"

Boris Grkinic: "Appraisal Theory and the Emotions *Eleos* and *Phobos*: A Contribution of Current Emotion Theory to the Interpretation of Greek Tragedy"

Mads Anders Baggesgaard: "A World of Emotions – Mediality in the Works of Pierre Alferi"

*Part II: Explorations*

Julien Zanetta: "Portrait of a Lady: Painting Emotion in Jean-Luc Godard's *Vivre sa vie*"

Jakob Ladegaard: "Spatial Affects: Body and Space in Philippe Grandrieux's *La vie nouvelle*"

Anders M. Y. Gullestad: "Emotional Turbulence on a Floating Stage in Melville's 'Benito Cereno'"

Jorunn S. Gjerdén: "Emotion, Knowledge, Alterity: Aesthetic Experience in Proust"

- Tone Selboe: "Emotional Mapping in Jean Rhys' *Good Morning, Midnight*"  
 Ragnhild Evang Reinton: "A Political and Emotional Experience of Aesthetic Transcendence in Marguerite Duras' Film/Text *India Song*"  
 Anders Kristian Strand: "'Labour of Love': The Emotional Turn in R. M. Rilke's *Die Aufzeichnungen des Malte Laurids Brigge*"  
 Mads Thygesen: "An Absense of Character: Subjectivity and Emotions in Martin Crimp"

**Til slutt** (2) kan vi i *trumål* opplyse at gruppas arbeid med TAS fase III inneheld desse delprosjekta: "Text, Mediality and Remembrance in Renate Dorrestein's novel *Een Hart van Steen*"; "Hiding and Lying. Limits of Memory"; "A History of Memory"; "Animating the Archive: The Organic Image in John Akomfrah's *The Nine Muses* and Patricio Guzmán's *Nostalgia for the Light*"; "Cleansing the Soul of Images: Terrorism and Memory in Mattis Øybø's *Alle ting skinner*"; "Where are Memories Preserved? A Woolfian Enquiry into a Bergson'ian False-Problem"; "Ghost Rides and Phantom Pains: Facing the Past in Daniel Eisenberg's *Cooperation of Parts and Persistence*"; "Memory and the Tape Recorder: *Krapp's Last Tape*"; "Homeless Objects: Virginia Woolf and the Phenomenology of Garbage"; "'Murdered and so discreetly bound in linens': Memory and Abjection in Djuna Barnes' *Ryder*"; "Posthuman Memory: Forms, techniques, needs"; "The Idea of Literature as Cultural Memory and the Birth of Literary Historiography: Friedrich Schlegel's *Geschichte der alten und neuen Literatur*"; "Testimony, Documentary, Fiction: The Remedialization of Stolen Children"; "Intermediality and Memory in Contemporary Literature: Anne Carson's *NOX*"; "Analog Agency: Media and the Memory of Politics in Contemporary Fiction"; "Traumatic Memory, Shame, and the Function of Art for Victims, Perpetrators, and Secondary Witnesses of the Shoah"; "'Le présent de l'écriture': Stendhal, Simon, and False Remembrances"; "Medias of Memory in Virginia Woolf's *Orlando*"; "Remembering Ceylon: Leonard Woolf's Colonial Encounter"; "Negotiating and (re)moulding colonial past at the movies and in the blogosphere: Abdellatif Kechiche's *Vénus noire*"; "Memory in the Field of Texts, Media, and Translation".

Bergen, i januar 2015  
*Lars Sætre* (sign.)